



Tryggheimhelsing

Årets misjonsprosjekt: Peru i Sør-Amerika s. 4-5



«Nutopia &
Sanasolia»
s. 6



Erfart kraft
s. 8-9



Tegninger
og under
s. 10-11



Rektor har ordet



Der skaparen og skaparens ord regjerer

På ein planleggingsdag på Tryggheim var Johannes Kleppa på besøk. Eitt tema var "Der skaparen og skaparens ord regjerer". Ikkje berre i eit verdidokument. Ikkje berre i ei overskrift. Men i kvardagen. For kva skjer der skaparens ord regjerer? Jo, der vert det eit møte med Herren. Der vert det fornying.

Forkynning og formidling av verdier

Vi ser at friskulane er viktigare enn nokon gong. Vi har nett hatt ein møteserie to veker med forkynnar Mathias Mjølhus. Det var særst godt fram møte. Vi opplevde igjen det under at ordet ikkje vender tomt tilbake. Forkynninga gjorde noko med oss. Mange stoppa igjen til samtale og forbøn, og fleire gledde seg over frelsevisse og fred i hjarta. Dette fekk vi også oppleve på leirskulen på Tonstadli for vg1-elevane. Solrike dagar på ski i Sirdalen på dagtid, fjellvett og undervisning, god mat, leik og moro og flotte samvær om kveldane. Dette gjev glede i friskulekvardagen.

Formidling av kunnskap er i alle skular ei blanding av beskrivande («er»-kunnskap)

og normativ kunnskap («bør»-kunnskap). Vi trur ikkje på den livssynsøytrale skulen. Alle pedagogar gjev born og unge brillar å sjå verda med. Viss ein lærar ikkje snakkar om Gud eller evig liv, ja, så formidlar han at det ikkje er nokon Gud eller evig liv. Og bør ein lærar ha eit barn i ti år utan å snakke om meininga med livet? Ein tysk pedagog, Klaus Mollenhauer, sa det slik: «Oppseding er å formidle til elevane det som er viktig for oss sjølv.» Det ønskjer vi å gjere på Tryggheim, men med ekstra merksemd på respekt for kvar enkelt elev.

Med dette som bakgrunn er det desto viktigare med heilskapsperspektivet! I ein kristen friskule er opplæringa forankra i trua på den eine Gud som skapar,

opprethaldar, frelsar og forløysar. Skulen søkjer ut frå dette å skape ein meningsfylt orden i ei mengd av kunnskapar, erfaringar og opplevingar. Dette ønskjer vi å gjere ved å synleggjere den kristne tenkinga i faga, i lærarhaldning og lærar-åttferd.

Kva vil vi med skulane?

Vi ønskjer ein skule der skaparen og skaparens ord regjerer, ein skule som kan blankpusse dei gamle visjonane og samstundes leve i fornying. Visjonen er det berande i skulearbeidet. Her ønskjer vi i personalet å sjå mot same mål – det gjeld det faglege, det sosialpedagogiske og ikkje minst det å vera ein kristen skule. Frå elevar både på Tryggheim og på andre kristne friskular høyrer vi framleis vitnemålet: Det var dette skuleåret som berga meg menneskeleg tala – men det vart også eit åndeleg vendepunkt.

Kvardagsglimt

Det er opptakstider for vidaregåande, og søknaden er svært god. Vi gleder oss over at så mange ungdommar vurderer Tryggheim. På Tryggheim ungdomsskule er elevtalet 200 fram til byggjetrinn 2 står ferdig hausten 2016.

I mars reiser 25 engelskelevar i vg3 til USA. Vi har orientert vg1-elevane om to reisealternativ for vg2-turar i september. Dei fleste (ca. 130) reiser til Tyskland/Polen/Tsjekkia, og ca. 40 reiser til Israel. Det er to sterke turopplevingar der elevane vert knytte saman på tvers av utdanningsprogram.

Det har i desse dagar kome fem nye små videofilmar om Elektrofag og Helse- og oppvekstfag. Dei viser glimt frå skule og internat – kva vi har å tilby. Midt i dette arbeidet ringde TV Vest og spurde om dei kunne kome og lage ein reportasje. Dei lurte på kvifor så mange søkjer seg til ein kristen friskule som Tryggheim. Det vart ein frisk og morosam reportasje. Alle desse filmene ligg på nettsida vår.

Statsstøtta for Tryggheim stig med ca. 5% for 2013. Det er rimeleg etter berre ca. 2% i fjor. Det er vidare hovudårsaka til at styret ikkje aukar skulepengane for 2013-14. 2012 vart eit godt år. Stikkord er høge elevtal, gåver og lågare kostnader enn budsjettert. Men friskulane i Noreg treng husleigetilskot – det fortener skulane, og det fortener foreldra som også betalar sin skatt.

Tusen takk for omsorg, forbøn og gåver! "Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene til fånytte," Sal 127,1.

Gjermund Viste

Ventar du?



Salme 130,5: "Eg ventar på Herren, mi sjel ventar. Eg set mi lit til hans ord."

Frukost

Dette bibelverset fekk eg ein morgon. Tenk for ei gåve å få! Først to brødsquirer, så eit bibelvers som går rett til hjarta. Det er ikkje alltid sånn. Men Guds Ord er like levande kvar dag, om eg ikkje føler det på den måten.

Far

Sommaren 2011 døydde far. Det var ei trist tid. Han sa fleire gonger mot slutten: «Eg ventar på Jesus». Far hadde på mange måtar hatt eit godt liv. Men han sa også: «Eg har det beste igjen». Då tenkte han på himmelen. Dette var gode ord for oss som var nær han. Far sette si «lit til hans Ord», som me las i bibelverset. Bibelens ord seier blant anna at «Ingen av dei som tek si tilflukt til han (Jesus), dørest skuldig». Som gut gjorde det inntrykk på meg når eg høyrde far song i fjøset. Ikkje spesielt fint, men eg merka at det betydde noko for han. Han song: «Han søkte meg i nåde som gikk på syndens vei, han fant meg trett og såret og bar meg hjem til seg ... Nåde at han (Jesus) fant meg.»

Ventar du?

Snart kjem Jesus igjen. Er du klar til å møte han? Ventar du? Når eit menneske vert frelst og møter Jesus, får det heimlengt. Det er godt å kunna stola på Bibelen, at alt som står skrive der, er sanning. Jesus seier: "Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg." Eg undrast når eg høyrer nokon seia at dei trur på Jesus, men dei trur ikkje at alt som står i Bibelen kan stemma og gjelda i dag. Bibelverset vårt seier: «Eg set mi lit til hans ord». Barnesongen seier at "alt som står i Bibelen, er sant, sant, sant."

Salme 130

Denne salmen talar klart om synd og nåde. «Dersom du, Herre, vil gøyma på misgjerningar, Herre, kven kan då verta ståande?» les me i vers 3. Svaret kjem i neste vers: «Men hjå deg (Jesus) er tilgjevinga.»

Dette er mi og di redning. Hjå Jesus er tilgjevinga.

«Mitt hjerte skal syngje en evighet lang om Jesus, bare om Jesus. Om korset, om blodet, om tornefull gang, om frelse fra synd og fra sorg og fra tvang. Om Jesus, bare om Jesus.»



Av Bjarte Gudmestad

Kristusstatuer og

Årets misjonsprosjekt går til Peru i Sør-Amerika. I høst var vi (Miriam Voster og Brian Taksdal Engen) så heldige at vi fikk dra til Peru og besøke misjonærene. Der fikk vi se litt av misjonsarbeidet og oppleve mange nye og spennende ting.



Statuer av Jesus – men det peruanske folk kjenner ham ikke.

■ Tekst og foto: Miriam Voster og Brian Taksdal Engen

De dødes dag

Etter 17 timer i fly landet vi endelig i millionbyen Arequipa. Vi ble møtt av misjonærene Anne og Helge Dagsland. Dette var 2. november, dagen som kalles «El día de muertos» - de dødes dag. Dette er en festdag i Peru og mange andre land i Sør-Amerika. Så det første vi gjorde var å besøke forskjellige gravplasser og se hvordan de feiret denne dagen. Da fikk vi se mye av folketroen deres. Vi kunne se folk dekke til et festmåltid rundt graven til en av sine avdøde, noen sto og ba for den avdøde og mange hadde satt ut mat og vin til den avdøde. Ellers var det en stor folkefest – mange fulle folk og mye liv.

Folketro

Folk i Peru er religiøse – det er store katolske kirker overalt, taxisjåførene har bilder av helgener i bilene sine, og utenfor bodene har eierne satt ut store helgener som skal velsigne handelen. Men folket kjenner allikevel ikke Jesus, og det er derfor viktig med misjonsarbeidet som blir gjort i dette landet.

Spennende mat

Den andre dagen vi var i Peru, lagde hus-hjelpen marsvinmiddag til oss – en ganske annerledes middag for oss nordmenn, men en ekte delikatesse i Peru. Marsvinet var nemlig stekt «helt», så hodet, øynene og litt hår satt ennå på. Ellers smakte marsvinet godt – kanskje litt som kylling. Vi

fikk også smake annen peruansk mat som vi likte godt, men vi spiste en del ute på restauranter også.

Gudstjeneste

På søndagen var vi med på gudstjeneste i menigheten i Hunter. Dette er en ganske ny menighet, og er altså med i «nybrottsarbeidet», som er et av delprosjektene vi støtter. Møtet lignet egentlig et vanlig møte i Norge, med åpning, sang, tale og litt sang igjen. Men de sluttet med at alle i hele menigheten skulle gi hverandre en klem og si «Gud velsigne deg» - noe som kanskje ikke er så vanlig å oppleve i Norge.

Tur i fjellet

Etter noen dager i byen Arequipa dro vi sammen med Helge Dagsland til byen Juliaca, som ligger ca. 3800 moh. Kjøreturen tok ca. fire timer, og vi fikk se lamaer, alpakaer og vikunjaer. Vikunja er et dyr i alpakkafamilien, men sjeldnere. En av misjonærene fortalte at man kunne få fem

års fengsel for å kjøre på en vikunja (unngå dette om du drar til Peru). Her besøkte vi skolen «Marthin Luther» og «Lutherana Iglesia», der vi fikk en omvisning. Vi gikk også en kort tur opp til en Jesusstatue som heter «Christo Blanco». Ettersom vi var nesten 4000 moh, kjente vi det godt på pusten da vi gikk opp. Langs veien stod det mange forskjellige avguder og helgener som folk kunne be til, og ved selve Jesus-statuen på toppen var det et helt ofringsområde der en kunne ofre til Jesus. Dette var sterkt å se – mye av religionen i Peru går ut på å velge ut det en liker fra forskjellige religioner.

Et land i økonomisk vekst

Peru er et land i økonomisk vekst, og dermed blir forskjellene mellom folk større også. De fleste bor i falleferdige «skur», andre bor i fine hus. Det er noe for de rike og noe for de fattige. Det er store markeder for de fattige, mens de rikeste kan dra på store kjøpesentre og shoppe, drikke kaffe



De dødes dag – en folkefest

marssvinmiddag

på Starbucks og spise pizza på Pizza Hut.

Tur til Mejia

Etter noen dager i Arequipa og turen til Juliaca, dro vi sammen med Andreas Bakke (stedlig representant for NLM i Peru) og to av døtrene hans til NLMs ferieplass ved kysten, i en by kalt Mejia. På veien bort fikk vi se både sjøløver og pingviner ved sjøen. Ellers badet vi i store bølger i Stillehavet og slappet av på ferieplassen.

Jubileumsgudstjeneste i Quequeña

På søndagen før vi dro, var vi med på jubileumsgudstjeneste i Quequeña, for å feire at menigheten var to år. Denne varte i tre timer (litt i drøyeste laget for oss som ikke forsto så mye akkurat), og etterpå fikk vi mat. Menighetsarbeidet i Quequeña er også noe av nybrottsarbeidet i Peru.

Setela – en bibelskole

I Arequipa ligger skolen Setela, der en del studenter får treårig teologisk utdanning. Dette er litt av arbeidet som går under «ledelsesprosjektet», som vi også er med på å støtte. Det er viktig å få utdannet kristne ledere som kan lede menigheter. En kveld besøkte vi to studenter på internatet – de kunne svært lite engelsk, og vi kunne svært lite spansk. Men med litt ligrettspilling og ordbok på mobilen gikk det allikevel – en morsom opplevelse!



Gatene var fulle av bittesmå gule taxier. En taxitur kostet nesten ingenting (billig som alt annet).



Helstekt marssvin med tenner, øyne og øre.



En gutt på skolen Lutherana Iglesia.



På vei til Juliaca – her var vi over 4500 moh. Det kjentes godt på pusten!

Problemer med rus og gjengmiljø

I Peru sliter mange med alkohol- og narkotikaproblemer, samt at flere og flere ungdommer blir medlemmer i gjenger. Derfor er «familieprosjektet» satt i gang – det arrangeres ekteskapskurs, familierådgivning og arbeid med å bygge opp familien – og dermed forandre samfunnet. Dette er kanskje det prosjektet der en raskest ser resultater, og dette er noe vi på Tryggheim er med på å støtte.

Alt i alt – en fantastisk tur

Vi hadde en helt super tur til Peru, med mye sol, nye opplevelser og nye inntrykk. Det var veldig kjekt å komme så nær på lokalbefolkningen i forhold til å være på turisttur. Det var også kjekt å være med og se hvordan misjonsarbeidet ble gjort i Peru i forhold til Norge. Vi ble begge to veldig glade i Peru, og vi vil gjerne tilbake.

ÅRETS MISJONSPROSJEKT

Elevrådet og russeren har felles misjonsprosjekt i Peru. Målet er kr 500.000 som skal gi hjelp på tre områder.

Diakoni

Gi kunnskap, informasjon og opplæring til peruanere for å møte utfordringer knyttet til vanskelige familietema som rus og vold.

Gi opplæring til dem som skal arbeide videre med dette.

Evangelisering

Nybrottsarbeid i bl.a. Arequipa og Tacna: Gudstjenester, gruppesamlinger, husbesøk, relasjonsbygging og evangelisering.

Nasjonalt lederskap

Lære opp og veilede nye og gamle ledere i kirken i Peru.



Russestyret. Bak fra venstre: Teknisk sjef Erlend Thorsen, innkjøpssjef Eirik Thorsen, idrettsjef Jarle Thingbø. Foran: Møtesjef Malena Tunglund, underholdningssjef Miriam Voster, president Hans Andreas Bergane, visepresident Thea Flesjå, økonomisjef Andreas Måland. Ikke til stede: redaktør Maryanne Grødem.

Spelar ei viktig rolle

«Lukka er vel like mykje der ein er, som ho er ein annan plass. Kanskje ho berre må oppdagast?» spør hovudpersonen i Tryggheim ungdomsskule si førestilling «Nutopia & Sanasolia».

■ Av Knut Reier Indrebø

Kostymar, kulissar, song og skodespel var truleg dei tidlegaste vårteikna som kom til syne i møtesalen på Tryggheim. Det har nemleg blitt ein slags tradisjon at nian-deklassingar ei dryg veke kvart vårhalvår okkuperer salen med øvingar og framsyningar av førestillinga si for medelevar, foreldre, barneskuleelevar og andre interesserte som kjem i hopetal for å sjå på. Og som alle andre år stilte også teaterstykket dette året mange viktige spørsmål. Slik kan ein seie at opplegget spelar ei viktig rolle på fleire ulike vis.

Rik og stressa, eller fattig og glad?

I starten av februar stod stykket om dei to landa Nutopia og Sanasolia på programmet. Dei er på mange måtar kontrastar: Nutopia er fylt med pengar, men kan vere kaldt og keisamt. Sanasolia har mykje livsglede, men lite pengar. I kvart land blir vi kjende med ein familie og deira utfordringar og gleder, og i begge familiane er det ein ungdom som trur lukka finst ein annan



Det er mange oppgåver som skal løysast når ei førestilling skal opp og gå i løpet av ei veke. Heile niande klasse måtte difor trø til. (Foto Kjersti Skjæveland)

stad. I møtet mellom dei to verdene får ein stilt mange viktige spørsmål om kva som eigentleg er verdifullt i eit samfunn: Er det glede og fellesskap eller utdanning og mat i magen?

Fullpakka skuledagar

Det er elevar i niande klasse som står bak det meste av det som skjer på framsyninga, frå kulissar, lyd, lys og kostymar til dans- og skodespelarprestasjonar. Alt saman vert snekra saman i løpet av ei dryg og intens skuleveke. Både Hannah Lende, Lena Sandsmark og Martha Reime har prøvd seg på skodespel før gjennom kulturskulen i Hå. På Tryggheim deltok dei med både dans og skodespel.

Sjølv om dei i kulturskulen har vore med på nokså proffe opplegg, tykkjer dei ikkje skuleførestillinga er noko langt steg ned. - Eg tykkjer kanskje det var gildare på skulen, seier Lena, og får støtte frå Hannah. - Når me gjer det i løpet av ei veke, blir me ikkje så fort leie av å øve på det same om og om igjen, seier ho.

Meiningsfullt på mange vis

Jentene framhevar det positive ved å vise fram eit stykke med ein tydeleg positiv budskap. Manuset var det også dette året Sigurd Idland som stod bak. Nutopia & Sanasolia er spesialkomponert for Tryggheim ungdomsskule og skulle dette året ha vekt på samfunnsfaglege tema, slik som rikdom og fattigdom. Det er nemleg ikkje berre for moro skuld at skulen legg til rette for sceneframsyningar. Prosjektet dekkjer fleire læreplanmål både i norsk, kroppsøving, musikk og samfunnsfag.

- Det var kjekt å finne på noko anna enn å sitje og skrive ved pulten, seier Martha. Så får ein vone at både skodespelarar og tilskodarar har fått noko å tenkje på. Som ein av hovudpersonane i stykket seier det: «Ein mett mage og ei framtid å sjå fram til, i tillegg til å ha dei folka eg er glad i rundt meg. Det er det eg treng. Og har eg det, er eg lukkeleg!»



Ulikskapane kjem tydeleg fram når Sara Rikerud kjem på besøk til Sanasolia (Foto Kjersti Skjæveland)

Lærer å seie nei

- Etter ein slik dag ser eg endå tydelegare at eit enkelt nei kan redda liv, seier tiandeklassing Tobine Undheim etter å ha hatt rus på timeplanen ein heil skuledag.



Elevane høyrer godt etter når straffedømde rusbrukarar fortel historia si

■ Tekst & foto: Knut Reier Indrebø

Kvart tredje år får rusmiddel og historier om problema knytte til det ekstra stor plass på Tryggheim ungdomsskule. I slutten av februar dette året vart ein heil skuledag fylt av historier om narkotika, alkohol, doping og tobakk, mellom anna gjennom besøk frå Åna fengsel og politiet. Også foreldra fekk høve til å læra meir på ein eigen foreldrekveld om temaet.

Historiene gjer inntrykk

Tiandeklassing Ane Grødeland ser stor nytte i å ha om rus på timeplanen.

- Då kan me elevar få vita litt meir om korleis det er for folk som er avhengige av ulike typar rus, seier Ane. Også Tobine Undheim meiner det er viktig.

- Foreldre og lærarar kan kanskje fortelja om det og seia til oss at det ikkje er bra, men det gjer større inntrykk når ein frå Åna kan fortelja at han eigentleg skulle vore død for noko han faktisk kunne takka nei til. Eller at både dottera hans og to av dei han var trulova med, døydde i armane

hans. Det er utruleg skummelt, seier ho.

- Håpar andre kan unngå mine feiltrinn

Ein av skuletimane fortalde Tor Ådne Nielsen elevane om si fortid i dopingmiljøet på Jæren. Han er ikkje i tvil om at det er viktig å setja fokus på faren med rusmiddel gjennom temadagar som denne.

- Det er definitivt eit viktig tema å ta opp. Eg håpar at eg gjennom å fortelja mi historia kan bidra til at andre unngår dei same feila, seier han. Også politiet ser positivt på opplegget.

- I vårt førebyggjande arbeid siktar me særleg mot ungdommar, ettersom dei aller fleste som blir avhengige, startar i den alderen. Difor forstår eg ikkje heilt kvifor temadagar som dette i mange år var ute frå den offentlege skulen. Eg er usikker på kor mykje det har å seia, men det er viktig å halda fokus på det, seier Oddgeir Høyekvam. Leiar ved ungdomsskulen, Tron Arild Grødem, trur dessutan det er verdifullt at også foreldra får høve til å få større innsikt i rusproblematikken.

- Det syner seg diverre at narkotika blir

meir og meir vanleg i samfunnet, og det er difor viktig at foreldra kjenner til kva ein bør sjå etter. Kva skal ein gjera om ein oppdagar noko? Kva tid bør varsellampene koma på? spør Grødem. Mange foreldre møtte opp på foreldremøtet, og det var fleire kommentarar om at det som kom fram, var interessant, men også skremmande.

Heller vitneutsegner enn gjenforteljingar

- Lærte du noko som du ikkje visste frå før?

- Ja, til dømes korleis dei ulike narkotiske stoffa ser ut og at det i ecstasy kan vera svært ulik dose i kvar pille, seier Ane. Tobine meiner derimot at ho eigentleg ikkje lærte så mykje nytt.

- Men det er alltid bra å høyra historier frå andre. Eg har sjølv hatt kompisar som har døydd av overdose, så eg kan ein del om miljøet, seier Tobine og held fram:

- Det er flott at me har sånne dagar der me ikkje berre sit og høyrer på når lærarane fortel om ting dei berre har høyrte og lese om. Det er betre når folk som har levd i ein sånn situasjon, kan fortelja korleis dei hamma oppi det og korleis dei takla det, seier Tobine.

- Det var eit veldig kjekt opplegg. Særleg var det spanande med besøk frå dei innsatte på Åna fengsel, avsluttar Ane Grødeland.

Tor Ådne Nielsen var lenge ein del av dopingmiljøet på Nærbø. No vonar han at historia hans får andre til å halde seg vekk frå doping



Erfart

■ Av Sofie Braut

Historia til tidlegare Tryggheim-elev Tor Ådne Nielsen er ei historie om små val med uhyggelege konsekvensar, det er ei historie om viktige relasjonar og har bøn som ein raud tråd. Men aller mest er det ei historie om ein levande Gud, ein Gud som grip inn og vil noko med kvardagen vår.

Det er sommaren 2010. Tor Ådne sit i ei sjaskete leilegheit saman med folka som bur der. Sjølv er han på eit slags besøk; han har i alle fall staden som base medan han uklart legg planar for nokre timar framover i tid. Langtidsplanlegging er ikkje ein del av livet. Han har nok med å tenka her og no, tenka på kor pengane skal koma frå, kva han kan koma unna med. Narkotika er ein streng herre. Han har budd i denne leilegheita ei tid, men tid er noko som fort flyt litt ut i dette livet. Han har rømt frå ungdomspsykiatrisk avdeling. Det er ikkje så farleg. Uklare minnebilette flimrar av og til forbi; ein god familie og trygg oppvekst, vener, idrettsmiljø han var ein del av, ting som ikkje spelar så stor rolle lenger. Ingenting er så viktig lenger, han føler ikkje så mykje. Er avskrudd, på ein måte. Slik er rus-logikken; ein vondsinna grammatikk som bøyer alt i livet etter beintøffe reglar. Så her er han, ei minimumsutgåve av seg sjølv, ein framand og farleg på sin eigen heimstad, omgjeven av andre som har nok med å rekna ut kva denne dagens opp- og nedtur skal kosta. 19-åringen veit det ikkje enno, men han skal snart få ein merkeleg telefon.

Det var summen av mange små val som hadde ført den unge rusmisbrukaren dit han no befann seg. Eit aktivt treningsliv hadde gradvis fått ein annan kurs. Tidleg interesse for systematisk trening førte han over i eit kroppsbyggjarmiljø der ulovlege preparat dominerte dietten for mange av dei involverte.

- Det er så lett å seia ja, men ein bryt ei grense, og eg greidde ikkje stoppa med dei forbodne stoffa som skal fremja idrettsprestasjonar. Då eg som ungdomskuleelev for første gong vart introdusert for hasj, hadde eg ikkje teke noko aktivt standpunkt mot rus, eg har alltid vore spenningsøkande, og det er så lett å tenka at ein «berre skal prøva». I ettertid



Tor Ådne Nielsen åtvarar ungdom mod doping og rus. (Foto Knut Reiar Indrebø)

«Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv» (Joh 4: 14)

kraft

ser eg at det ikkje er noko som heiter «å prøva eit uskuldig trekk av ein hasjryøk». For meg vart det starten på ein lang nedtur.

Nedturen handla om brotne relasjonar, om løgn og kriminalitet. Frå eit liv dominert av disiplinerte treningsøkter var han komen over i ei rolle der misbruket kontrollerte kvardagen, og gjorde kvardagen ukontrollert.

2010. Ein annan stad i Noreg er det ein som brukar mykje tid i bøn. Han er på besøk heime hjå foreldra i Trondheim, og der har han gradvis blitt sikrere på at

Kjærleik er ikkje noko frå ein klissen og sentimental film. Det er krafta ein finn i Guds Ord som skaper noko heilt nytt, reiser menneske opp og gjev mot til vegen vidare.

det er ein telefon han må ta. Han er sterkt overtydd om at det må vera ei påminning frå Gud. Han skal ringa til Tor Ådne på Nærbo, saman skal dei to ta eit år på bibelskule. Det heile verkar litt rart, men namnet til Tor Ådne dukkar stadig opp med denne påminninga kvar gong han samlar tankane i bøn. Han ringjer. «Hei, Tor Ådne. Eg trur du og eg skal ta eit år i lag på bibelskule.» Tor Ådne høyrer stemma i telefonen, han registrerer det som blir sagt, men det er likevel som om det er komplett uforståeleg. Han står der med telefonen og kan ikkje anna enn le. Så absurd og fjern er personen og ideen i andre enden av linja. bibelskule? Eit framandord, sett saman av to framandord i livet hans no. Svaret er i alle fall gitt med ein gong, det kan han ikkje. Det er ikkje aktuelt å gå på bibelskule, det er uansett ikkje noko for ein som han. Den samtalen vert berre den første i ei veke med telefonar, meldingar og masing frå kameratens side. Då veka er til endes, har ei slags likesæle fått Tor Ådne til likevel å seia ja til å bli med til Bildøy Bibelskule. Kva har han



Tor Ådne opplevde at livet vart endra

å tapa? Han tenkjer at han ikkje kan koma lågare enn der han er. Det er trass alt berre snakk om litt miljøforandring, og kvifor ikkje?

Skuleåret 2010-2011 vert Tor Ådne, med hjelp av kameraten og foreldra, installert på bibelskulen litt nord for Bergen. Det slår ikkje ned noko lyn i han, det er ikkje ei bøn som løyser flokane og endrar alt over natta. Likevel er det her det byrjar. Når 21-åringen i dag sit sindig og konsentrert og fortel om rus og kriminalitet som eit tilbakelagt kapittel, er det året på Bildøy som vert skiljet mellom fortida og det nye livet.

- På bibelskulen erfarte eg eit anna fellesskap. Eg greidde gradvis å stola på dette fellesskapet , etter kvart våga eg sjølv å vera open her. Eg lærte så mykje av dei som var der, og kjende meg inkludert. Det seier seg sjølv at eg ikkje hadde forventningar til året mitt her, eg var jo berre med. Men dei hadde noko der som gjorde inntrykk på meg, og som eg gradvis kjende eg vart ein del av. Eg lærte om Gud parallelt med at eg lærte om meg sjølv, og frå å vera avstengd og inneslutta lærte eg meg å opna meg.

På vårparten, etter mykje bibellesing, talause spørsmål og samtalar valde Tor Ådne å tru. Han hadde blitt møtt og teken i mot som den han var. Han fann nåde og håp om ein annan kurs og eit anna liv enn det han hadde brote opp frå. Fortida banka likevel på att på vårparten. Han var domfelt, og rekna med å måtta sona fengselsstraff.

- Overraskande vart det samfunnsstraff i staden for fengsel, og i tillegg la Bildøy til rette for at eg kunne sona straffa hjå dei sommaren etter året mitt som elev, forklarar Tor Ådne. Hausten etter heldt han fram som elev ved Bildøy, for å læra meir. Han leitar etter orda når han skal uttrykkja kor viktig skulen har vore for han, kor takknemleg han er for måten han vart møtt på. - Det betydde berre så utruleg mykje, seier han til slutt, ettertenksamt.

Eit før og eit etter legg gjerne opp til eit litt forenkla bilete av realitetane. Ein går frå mørke og fortvilning til eit lyst og lett liv. Dette er ikkje heile biletet. Tor Ådne er klar på at han har fått eit nytt liv, og sjølv formidlinga hans; konsentrasjonen og det rolege nærveret vitnar om det.

- Livet mitt er rusfritt, det har fått eit sentrum. Men det nye livet har sine daglege utfordringar, og fortida er med på ulikt vis. Å riva opp i det som har vore, er sårt, samstundes som det er viktig lærdom i det. Difor vil eg dela historia mi.

For Tor Ådne er erfaringa med ein Gud som i kjærleik grip inn og set saman det som er øydelagt, noko av det viktigaste å få fram. Kjærleik er ikkje noko frå ein klissen og sentimental film. Det er krafta ein finn i Guds Ord som skaper noko heilt nytt, reiser menneske opp og gjev mot til vegen vidare.

Tegninger og under



■ Tekst: Knut Handeland
■ Foto: Eivind Svendsen

Sannheten er tvert i mot rent genetisk, og han må tidlig i samtalen vår spontant forsvare sin kalklignende pigmentering, som for øvrig er en arv etter en svært norsk bestemor. Før han slapp den etniske bomben om iransk opphav, har jeg gjettet at etternavnet var samisk eller finsk. Så feil kan man ta. Opplysningene får likevel ikke de store konsekvensene – samtalen fortsetter for eksempel ikke på persisk av den grunn. Mitt bidrag til integreringsprosessen blir at teksten skrives på bokmål. Dagens intervjuobjekt er hyret inn som fast tegneserieskaper i Tryggheimhelsing. Medelever oppdaget at han tegnet små striper med utgangspunkt i egne opplevelser fra skole og fritid, noe leserne nå får nyte godt av – i alle fall i to nummer fremover.



Det siste du ville gjettet om karen på bildet er at han har en bestefar fra Iran. Først tenker jeg at det må være Røde Halvmånes fadderordning, slik at et bilde av Vegard Barmala henger festet med magnet til et kjøleskap i Teheran, og at han mottar 100 dinarer månedlig til utdanningsformål.

Sin første idrettsprestasjon gjennomførte han på Hamar i tilknytning til OL i 1994. Da gjaldt det å bli født, noe han klarte utmerket. Siden har han bodd på de samme traktene hele livet. Den meeeeeet skarpsindige leser har kanskje allerede ant at Vegard er elev på Tryggheim, siden budsjettet i bladet vårt ikke tillater at vi reiser bort for å skaffe stoff. 3PB-eleven har snart fullført et år og trives svært godt. Etter vg1/vg2 på Hamar og Flisa hadde han lyst til å ta Påbygg et tredje sted. Kravene var kristen skole og internat. Han forhørte seg blant kristne venner, og Tryggheim blinket seg ut som et naturlig førstevalg.

- Skoleåret har gitt meg et nytt eller fornyet Gudsforhold.

Internatlivet har gitt meg mer alenetid samtidig som jeg kommer tett på folk. Jeg har fått være med å hjelpe andre i kristentroen – det har vært veldig godt for meg å kunne brukes av Gud. Jeg har fått mindre menneskefrykt og større frimodighet i løpet av året. Her har jeg et veldig godt kristent fellesskap, vi startet en bibelgruppe som treffes hver onsdag og jeg kjente at jeg savnet Tryggheim litt i vinterferien til og med!

Hjemme hører jeg til Den lutherske Frikirken – de har en god balanse mellom det trauste og det livlige som jeg kjenner meg hjemme i.

En del av det kristne ungdomsmiljøet er ikke så godt hjemme, med et svært liberalt forhold til alkohol og festing.

I anledning siste tema kan det jo nevnes at på tyrkisk betyr Barla «Åpen bar», så det ville passet godt om Barmala på persisk betydde «Stengt bar». Bare en svakhet i google.translate og dårlig research gjør at denne syltynne språklige parallellen kommer med i intervjuet.



Tryggheimkalender

APRIL

Ons. 3. Skolestart etter påske
Ons. 3. – søn. 11. Møteuker ved Nils Kåre Strøm og Lars Egil Fredriksen

MAI

Fre. 10. Fridag

JUNI

Fre. 14. Avslutningsfest

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Sofie Braut

Ingvar Fløysvik

Knut Handeland

Björg Topnes

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Aud Bodil Voll

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...



Øystein Vassbø (TR 04-06) og **Monika Eikeland** giftet seg 15. september

Audun Myklebust (EL 00-02) og **Silje Herredsvela Sæløen** giftet seg 8. desember

Andreas Reilstad (AF 06-09) og **Johanna Bjerre Nielsen** giftet seg 4. januar

Bernt Thomas Falkum (AF 03-06) og **Mari Sele** giftet seg 15. februar

Randi Haugstad (1ST 12-13) har gitt ut CD med egne sanger – «Moments»

Terje Stavnem og **Asbjørn Apeland** (ST 11-13) kom videre til finalen i Norsk informatikk-olympiade i 2. runde. Kun tre fra Rogaland kom videre, og to av disse går altså på Tryggheim! Nå skal de delta i den nasjonale finalen i norsk informatikkolympiade i Bergen 16. mars. Konkurransen, som hadde over hundre påmeldte deltakere, står nå mellom 24 programmerere under 20 år, og Terje og Asbjørn skal kjempe om å bli best i landet.

Vi gratulerer med både ekteskapsinngåelse og andre bedrifter!

Dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss melding om det. Send en e-post til aaanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Tips oss!

Forflytningen over Langfjella fra Østlandet til Vestlandet må jo nødvendigvis sette spor: **- Det var vel et kultursjokk å komme til Vestlandet, hva slags fordommer kom du med?**

- Nei, jeg hadde hørt at det blåste en del og at det var litt varmere – noe som viste seg å stemme. Ellers hadde jeg ingen fordommer; jeg regnet med at det var vanlige folk med en dialekt. Her er mye blide folk, energiske og glade i sport. Folk virker normale. Iherdige forsøk på å fyre opp under en norsk Øst-Vest-konflikt parkeres diplomatisk, men troverdig:

- Virker normale, ja...men du er ikke redd for at folk her borte bare tilsynelatende er normale?

- Hva mener du?

- Nei, for eksempel at folk utad virker siviliserte, men hjemme sitter de nakne på jordgulvet og spiser rått kjøtt?

- Nei, det tror jeg ikke.

- Den første tiden var det litt vanskelig å forstå en del ord i dialektene her, så som «jorple» (jordeple) – det visste jeg ikke hva var, og når de i matsalen spurte hvor mange epler jeg skulle ha til middag, trodde jeg det var vanlige epler de hadde skåret opp og stekt.

- Første turen på COOP spurte de «Hæ do mædlemsnommar?» Noen hadde sagt at jeg måtte si «Tryggheim» for å få rabatt. Rabatten så jeg ikke så mye til, men jeg får på den måten i alle fall tilgang til medlemskuppene en gang i blant.

Som dere skjønner er ikke Vegard en brautende fyr, men en dannet og talefør

kommende elektrikerlærling.

- Først vil jeg gå i lære og så vil jeg gå et år på bibelskole, men jeg trives så godt her borte at jeg kan tenke meg å flytte tilbake etter bibelskolen.

Så til utgangspunktet for intervjuet, tegneseriestripene:

- Hvordan startet det?

- Det begynte med at jeg tegnet i lærebøkene på barneskolen (fyy!), noe lærerne ikke likte. Så gikk jeg over til sammenstiftede A4-ark i 5. klasse. Jeg hadde sett en del voldsfilm på barneskolen, så mange av tegningene ble voldelige – det er farlig det der med påvirkning! Senere en gang var jeg med foreldrene mine på et møte der taleren snakket om å elske sine fiender. Jeg hadde da i lengre tid vært uvenn med en på skolen som jeg hadde slått. Jeg ba han om unnskyldning for det jeg hadde gjort og ga ham en gave. Han ble svært overrasket, og vi har siden vært gode venner. Etter det – på ungdomsskolen – begynte jeg å lage veldig overdrevne tegninger av morsomme situasjoner. Disse fikk jeg god feedback på, så det ga lyst til å fortsette.

Så fornuftige ting sier altså mannen som rett som det er slår seg løs i morgenkåpe og nisselue. Østlending, 1/4 perser, kristen, traust og livlig.

Tryggheimhelsing beklager:

I forrige nummer kom vi i skade for å skrive et par feil.

Under «Visste du at...»: Hege Torgersen og Martin Vagle giftet seg 7. juli og ikke 10. mai.

På siste side under presentasjonen av nye ansatte: Ettåring Marita Dalseid er 20 år, ikke 18.

Vi beklager så mye!

Elevstemnet 2013

Elevstemnet i år blir helga 10.-11. august. Vi prøver å nå alle jublantane frå folkehøgskuletida med ei personleg innbyding, og alle andre prøver vi å nå via Tryggheim si heimeside, Tryggheimhelsing og Facebook. Alle som slutta på skulen i 1953, -63, -73, -83, -93 og 2003 er hjarteleg velkomne til Tryggheim desse dagane. I tillegg inviterer vi og dei som gjekk saman med 10- og 20-årsjubilantane i to år, men slutta i 1992 og 2002. Vi oppmodar alle jublantar til å ta kontakt med medelevar og få dei med på elevstemnet.

Dersom du treng overnatting, får du det gratis, både for deg sjølv og evt. ektefelle, men då er det fint om du gir beskjed til skulen, anten på tlf. 51 79 80 00 eller via e-post til elevstevne@tryggheim.no på førehand. Program kjem etter kvart.

Gode vener er viktige – Tryggheimbasaren 2013



Gevinstane til kveldstrekninga



Erik Kjebekk



Vinnarlukke - Vidar Gjedrem

■ Av Ingvar Fløysvik

I vinter har elevar på Tryggheim selt basar-lodd for 110 000 kr. Nærradio, Tryggheimvener og misjonslag har teke seg av resten slik at lotteriet vart heilt utselt i år òg. På denne måten ryddar basarane unna ein halv million av gjelda kvart år. Dermed vert det mogleg å gå i gang med utvidingar for å gjera bygningane endå meir tenlege for skulen, fortel administrasjonsleiar Kjetil Halvorsen.

Det neste som skal skje, er at ungdomsskulen får eit påbygg. Slik det er no, kan ikkje skulen ta opp så mange elevar som departementet gjev lov til, og dei elevane skulen har, vert spreidde utover – så langt frå ungdomsskulebygget som til kjellaren på Skogheim. Målet er å få opp nybygget i 2016.

Tryggheimbasaren i år vart halden onsdag 20. og laurdag 23. februar med kveldstrekningar begge kveldane. Der kom det inn til saman 85 000 kr. Til slutt i programmet på laurdagskvelden vart trekningslista for Tryggheimbasaren kunngjord. Det er elevlaget som arrangerer basaren, saman med administrasjonen på skulen.

Onsdag tala Tjerand Frafjord. Han tok utgangspunkt i forteljinga om Naaman i 2. Kongebok. «Ta imot Jesus, så vert du rein,» sa han, «livet kan verta nytt frå no av». Bjerkreim syngjande kameratar song: «Himmelriket er å vinna, Jesus er i dag å finna.»

Laurdag deltok koret Hananja frå Varhaug. Erik Kjebekk tala. Teksten var Luk 14,15-24 om innbydinga til gjestebodet. Guds rike kan ikkje løysast frå Kristus. Vil du med i det evige riket, må du finna plassen i nåderiket her på jorda. Jesus samanliknar riket med eit festmåltid (jf. Jes 25,6) og understreka på den måten at det fylgjer glede med å høyra til Guds rike. Til dette riket vert alle innbedne, utan tanke på sosial status, etnisitet, hudfarge eller religion. Alt er ferdig og har vore det sidan Jesus ropa ut på krossen: «Det er fullført!» (Joh 19,30). I likninga til Jesus sa dei innbedne «nei». Gode ting hindra dei å koma. Mykje vil binda oss òg til det materielle. Lat deg ikkje binda, men kom til bryllaupet!

Kjebekk tok oss dessutan med på ein tur i og rundt Han-dalen i nordvest-Hubei. Her arbeidde NLM-misjonærar frå 1891 fram til kommunistane tok over Kina etter 2. verdskrigen. Òg her veks kristenflokkane, sjølv om tala er lågare enn på den delen av «gamlefeltet» som ligg i naboprovinnsen Henan. I Baihe, rett over grensa til Shaanxi provins, har dei no bygd ny kyrkje med plass til 250 menneske, fortalde han. Her forkynte P. A. Bredvei i si tid bodskapen om gjestebodet.

Basaren er viktig ikkje berre for økonomien, men òg fordi han gjev høve til kontakt mellom skulen og Tryggheimvener. Den som bed for skulen, vil gjerne vita kva som skjer på skulen.

Trekningsliste Tryggheimbasaren 2013.

- 1 Gåvekort Bohus, Åshild og Tor Arne Gard, 4163 Talgje
- 2 Gåvekort SI-Reiser, Berit og Kjell Singstad, 4362 Vigrestad
- 3 Sykkel MTB, Fam. Aksel Østhus, 4120 Tau
- 4 Gåvekort Expert, Ingebjørg og Kurt Sirevåg, 4364 Sirevåg
- 5 Symaskin Janome, Gunn Ingebrigtsen, 4307 Sandnes
- 6 Middagservise, Judith og Gulleiv, 4509 Mandal
- 7 Bestikk Ramona, Irene og Rune Fjetland, 4317 Bjerkreim
- 8 Maleri av Odd Dubland, Marit Byberg Bjørheim, 4100 Jørpeland
- 9 Gassgrill, Fam. Rune Ludviksen, 4163 Talgje
- 10 Damesykkel, Aksel Odland, 4360 Varhaug
- 11 Ipad, Bjørg og Garman Salte, 4349 Bryne
- 12 Gåvekort Fargerike Halvorsen, Mindor Jelsa, 4360 Varhaug
- 13 Lysestakar i krystall, Dagrun Iren Østebø, 4376 Helleland
- 14 Gåvekort G-sport, Turid og Roger Thunem, 4362 Vigrestad
- 15 Trøtraktor, Kjell Tjemsland, 4360 Varhaug
- 16 Dundyne m/pute, Kristine og Runar Gausel, 4311 Hommersåk
- 17 Dundyne m/pute, Jarleiv Sinnes, 4443 Sinnes
- 18 Strikkeplagg frå iis, Tor Olav Østrem, 4365 Nærbø
- 19 Glaskunst frå Karen T. Hårr, Margunn Tjeltland, 4318 Sandnes
- 20 Lampe, Oddmund Gravdal, 4362 Vigrestad
- 21 Green Gate Servise, Daniel Fosslund, 4365 Nærbø
- 22 Fanakofte m/strømper, Solveig og Osmund Skåland, 4460 Moi
- 23 Nilfisk Høgtrykksvaskar, Marith Halvorsen, 4032 Stavanger
- 24 2 sofaputer, Olaug og Leif, 4387 Bjerkreim
- 25 Dokkevogn, Målfrid Fredriksen, 4034 Stavanger